

Sluttvurdering i matematikk etter 10. trinn

Sluttvurderinga skal ta utgangspunkt i læreplanen etter LK20.

Grunnlaget for sluttvurdering er kompetansemåla i læreplanen, forstått i lys av teksten om faget. Her klargjer vi kva kompetansemål som ligg til grunn, og det gjeld både standpunktvurdering og eksamen.

ARTIKKEL | SIST ENDRET: 17.01.2022

Vi har fått fleire førespurnadar om kva som skal utgjere grunnlaget for sluttvurdering i matematikk etter 10. trinn, nå som læreplanen i matematikk har kompetansemål etter kvart trinn på ungdomstrinnet. Vi har fått hjelp frå Matematikksenteret, medlem frå den tidlegare læreplangruppa for matematikk og medlem frå LAMIS for å klargjere kva dette betyr i praksis.

I forskrift til opplæringslova (§ 3-14) står det at sluttvurderinga skal gi uttrykk for kompetansen ved avslutninga av opplæringa i eit fag.

Det er kompetansemåla etter 10. trinn som skal utgjere hovudgrunnlaget for sluttvurderinga fordi det er disse kompetansemåla eleven har jobba med fram mot sluttvurderinga. Fordi kompetansemåla etter 10. trinn bygger på kompetansemåla etter 8. og 9. trinn, er det kompetansemåla etter 10. trinn som skildrar det forventa nivået ved avslutninga av opplæringa.

Enkelte kunnskapsområde (sjå kjerneelementet «matematiske kunnskapsområde») i matematikk er ikkje omtala eksplisitt i kompetansemåla etter 10. trinn. Vi har fått innspel om at desse delane av matematikkfaget òg bør inngå i ein heilskapleg sluttvurdering av matematisk kompetanse.

Vi har lytta til at det er viktig å tydeleggjere dette. Alle kunnskapsområda i matematikk er viktige for å utvikle kompetanse i faget, sjølv om elevane jobbar med dei på ulike trinn. Læreplanen er laga slik at kompetansemåla etter 10. trinn må sjåast i lys av heilskapen i læreplanen. Det betyr å forstå kompetansemåla i lys av teksten om faget, men òg i lys av kva elevane har lært på tidlegare trinn.

Sidan det er første gong det skal settast standpunkt- og eksamenskarakterar i matematikk etter LK20, og skoleåret er prega av pandemien, vil vi følge med på erfaringane frå sluttvurderinga denne våren og vurdere om det er behov for justeringar seinare.

På bakgrunn av innspela vi har fått, gjer vi presiseringar for standpunkt og eksamen, som vi beskriv under.

Grunnlaget for standpunktvurdering

Standpunktkarakteren skal vere eit uttrykk for den samla kompetansen eleven har i faget ved avslutninga av opplæringa. Det er kompetansemåla etter 10. trinn som skal utgjere hovudgrunnlaget for standpunktvurderinga. For å nå kompetansemåla etter 10. trinn bygger elevane vidare på kompetanse dei har utvikla på tidlegare trinn. Det er difor rom for å trekke inn kompetanse eleven viser knytt til enkelte kompetansemål frå tidlegare trinn dersom lærarane vurderer det som relevant for å få eit meir heilskapleg bilde av eleven si samla kompetanse. Standpunktkarakteren skal ikkje vere eit karaktergjennomsnitt basert på vurderingar gitt gjennom opplæringa.

[Muntlig-praktisk: ny eksamensform for 10. trinn](#)

[Muntlig-praktisk eksamen i matematikk](#)

[Meir om standpunktvurdering](#)

[Kjenneteikn på måloppnåing](#)

[Læreplan i matematikk 1.–10. trinn](#)

Kompetansemåla skal forståast i lys av teksten om faget i læreplanen. Det betyr at teksten om faget, inkludert kjerneelementa, gir ei innramming for å tolke kompetansemåla. Alle kompetansemåla spring ut av kjerneelementa, og kjerneelementa er med på å gjere det tydeleg kva som utgjer den samla kompetansen i matematikk.

Grunnlaget for eksamen

Sentralt gitt skriftleg eksamen og lokalt gitt munnleg-praktisk eksamen skal gi eleven moglegheit til å vise sin kompetanse i så stor del av faget som mogleg ut frå eksamensforma. Eksamenskarakteren skal vere eit uttrykk for den kompetansen eleven har vist på eksamen.

Til sentralt gitt skriftleg eksamen vil oppgåvene i hovudsak vere utvikla med utgangspunkt i kompetansemåla etter 10. trinn. Enkelte oppgåver vil likevel vere utvikla med utgangspunkt i

kompetansemål etter 9. trinn for at eleven skal få vist kompetansen sin i så stor del av faget som mogleg.

Vi har publisert eit justert eksempelsett til skriftleg eksamen, med løysingsforslag som er i tråd med årets skriftlege eksamen.

Til lokalt gitt munnleg-praktisk eksamen skal oppgåvene i hovudsak utviklast med utgangspunkt i kompetansemåla etter 10. trinn. Lærarane har rom til å trekke inn kompetanse eleven viser knytt til enkelte kompetansemål frå tidlegare trinn dersom dei vurderer det som relevant for at eleven skal få vist sin kompetanse i så stor del av faget som mogleg. Det skal leggjast til grunn ei brei forståing av omgrepet praktisk. Praktisk kan til dømes omfatte anvendingar av matematikk. Eit døme på slike anvendingar og praktisk oppgåveløysing i matematikkfaget kan vere å lage matematiske modellar knytt til reelle datasett (som befolkningstala på jorda) og vurdere gyldigheita til desse modellane.

Les meir

[Eksempeloppgaver i matematikk for 10. trinn](#)

[Endringer i eksamen etter nye læreplaner](#)